



## **MØTEPROTOKOLL**

### **Kontrollutvalet**

**Dato:** 13.09.11                      **Kl.:** 09.00 – 12.50                      **Stad:** Møterom Bømlo sjukeheim  
**Saknr.:** 22/11 – 30/11

### **MØTELEIAR**

Georg Lønning (FrP)

### **DESSE MØTTE**

Sonja Hellen Sele ( H )  
Marlen Hellen (Ap)  
John-Kåre Torkelsen (KrF)  
Kåre Olsen (FrP) møtte i staden for Kåre Habbestad (SP)

### **FORFALL**

Kåre Habbestad (SP)

### **DESSUTAN MØTTE**

Dagleg leiar Bømlo kulturhus KF Hanne Jacobsen, sak 24/11  
Rådmann Sverre Olav Svarstad, sak 24/11 og 25/11  
Partner Else Holst-Larsen, Deloitte AS  
Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet v/Roald Breistein

## **Sakliste:**

<b>Saknr.</b>	<b>Sak</b>
22/11	Godkjenning av innkalling og sakliste
23/11	Godkjenning av protokoll frå møte 11.05.11
24/11	Rådmannen orienterer
25/11	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2007 – 2011
26/11	Budsjettforslag 2012 for kontroll og tilsynsarbeidet i Bømlo kommune
27/11	Bestilling av selskapskontroll 2011
28/11	Orienteringssaker
29/11	Meldingar
30/11	Gjennomgang av møteprotokollar
	Ymse

## **22/11 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

### VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

## **23/11 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 11.05.11**

### HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 11.05.11.

### VEDTAK

Protokollen frå møte 11.05.11 vart samrøystes godkjend.

## **24/11 RÅDMANNEN ORIENTERER**

### FORSLAG TIL VEDTAK

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### HANDSAMING I MØTET

Rådmann Sverre Olav Svarstad og dagleg leiar i Bømlo kulturhus presenterte tertialrapport for 2. tertial 2011 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Rådmann Sverre Olav Svarstad orienterte også om sak angående SIM konsernet – Framtidig organisering og oppgåver og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Informasjonen vart teken til orientering.

## **25/11 EVALUERING AV ARBEIDET I KONTROLLUTVALET I VALPERIODEN 2007-2011**

### FORSLAG TIL VEDTAK

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet, rådmann, Deloitte og sekretariatet gjennomførte evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2007 – 2011. Evalueringa inneheld desse spørsmåla:

Nr.	Spørsmål	Svar
1	Blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte?	Møta er effektive, men kontrollutvalet meiner sjølv dei kunne vore meir engasjerte av og til.
2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	OK.
3	Klarer kontrollutvalet å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte?	Einig om at dette blir løyst på en god måte.

4	Korleis blir utvalet oppfatta av andre sentrale aktørar slik som kommunestyret og administrasjonen?	Kontrollutvalet får ein del skryt frå andre politikarar og utvalet vert meir lagt merke til, men det kan enno bli betre. Rådmannen skryt av samarbeidet med utvalet.
5	Er det klare roller og klår ansvarsdeling mellom kontrollutvalet, kommunestyret og administrasjonen?	Mellom kontrollutvalet og administrasjonen er rollene avklart, men meir usikker når det gjeld roller og ansvar i høve kommunestyret. Det nye utvalet bør informere i kommunestyret om roller og ansvar samstundes som dei presenterer seg sjølve.
6	Bør kontrollutvalet gjere meir og/ eller mindre av noko?	Det bør brukast mindre tid på møtebøkene.
7	Korleis fungerer samhandlinga med revisor?	Rådmannen meiner samarbeidet med revisor er utmerka. Kontrollutvalet og sekretariat sluttar seg til dette.
8	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet?	Kontrollutvalet meiner sekretariatet er profesjonelt og dei er nøgd med arbeidet som vert levert. Utvalet er merksam på at det kan være ein viss fare for at sekretariat og revisjon kan bli for sterke.
9	Kva forbetringstiltak kan gjennomførast?	Presentasjon og informasjon til kommunestyret Kontrollutvalet bør vera til stades i kommunestyret av og til
10	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye kontrollutvalet innehalde og kor omfattande bør det vera?	Folkevaldopplæringa bør komme så tidlig som mogeleg. Den må t.d. innehalde begrepsavklaringar og klargjering av roller og ansvar. Bør strekke over fleire dagar. Utvalet meiner også at dei bør få drypp i dei enkelte møta på aktuelle tema. Oppfordre det nye kontrollutvalet til å delta i alt av folkevaltopplæring.
11	Anna	Det kom ikkje noko fram under dette punktet.

## VEDTAK

Resultatet av evalueringa vert levert til det nye kontrollutvalet.

## 26/11 BUDSJETTFORSLAG 2012 FOR KONTROLL OG TILSYNSARBEIDET I BØMLO KOMMUNE

### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget vert å sende Bømlo kommune for vidare handsaming.

### HANDSAMING I MØTET

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

## VEDTAK

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget vert å sende Bømlo kommune for vidare handsaming.

## 27/11 BESTILLING AV SELSKAPSKONTROLL 2011

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre selskapskontroll innan .....

2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve til sekretariatet innan 26.09.11
3. Prosjektplanen skal handsamast i møte i kontrollutvalet 6.10.11

#### HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført utvida eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigedomsselskap AS.

Føremålet med selskapskontroll innan Bømlo kommunale eigedomsselskap AS er å vurdere om det vert drive i tråd med lover, reglar, føresetnader og politiske vedtak?

Problemstillingar:

- Har selskapet nådd måla som var sett ved etablering av selskapet?
- Er vedtektene for selskapet i samsvar med føremålet og politiske vedtak?
- I kva grad driv selskapet i samsvar med gjeldane vedtekter og andre føringar frå eigar?
- I kva grad driv selskapet i samsvar med sentrale lover og reglar?
- Vert kommunens innbyggjarar likebehandla?
- Vert eigedomsforvaltninga utført på ein tilfredstillande måte?
  - Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg, vegar, park- og friområde
  - Planlegging, prosjektering og utføring av nyanlegg, nybygg og ombygging
  - Prosjektleiing og byggjeleiing
- Har selskapet etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv målretta og effektivt.
  - Har selskapet ei økonomisk forsvarleg drift?
- Blir endring i innskoten kapital og eventuelle ansvarlege lån handtert på ein korrekt måte, og i samsvar med politiske vedtak?

På bakgrunn av informasjon som vart gjeven av rådmannen i sak 24/11 om SIM konsernet – Framtidig organisering og oppgåver, vil det sitjande kontrollutvalet oppmoda det nye kontrollutvalet om å vurdere selskapskontroll av SIM Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS, saman med dei andre eigarkommunane, i løpet av 2012

#### VEDTAK

1. Sitjande kontrollutval oppmoder det nye kontrollutvalet om å vurdere gjennomføring av selskapskontroll av SIM - Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS, saman med dei andre eigarkommunane, i løpet av 2012.
2. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre selskapskontroll i form av utvida eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigedomsselskap AS
3. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve til sekretariatet innan 26.09.11
4. Prosjektplanen skal handsamast i møte i kontrollutvalet 6.10.11

#### 28/11 ORIENTERINGSSAKER

I dette møtet vil det verta orientert om følgjande saker innmeld frå sekretariat, revisjon og utvalsmedlemmer:

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Deloitte	Status forvaltningsrevisjon innan internkontroll
2	Deloitte	Orientering frå Deloitte om kva dei gjer i høve rådmannen sin økonomiske internkontroll
3	Deloitte	Presentasjon av revisjonsplan for rekneskapsrevisjon 2011

4	Sekretariatet	Avtale om revisjon av kyrkjeleg fellelsråd
5	Sekretariatet	Finansreglement for Bømlo kommune - Rapportering
6	Ymse	

#### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar orienteringa til orientering.

#### HANDSAMING I MØTET

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Deloitte	Status forvaltningsrevisjon innan internkontroll <ul style="list-style-type: none"> <li>Else Holst-Larsen frå Deloitte orienterte om status når det gjeld forvaltningsrevisjon innan internkontroll og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.</li> </ul>
2	Deloitte	Orientering frå Deloitte om kva dei gjer i høve rådmannen sin økonomiske internkontroll <ul style="list-style-type: none"> <li>Else Holst-Larsen frå Deloitte orienterte om kva dei gjer i høve rådmannen sin økonomiske internkontroll og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.</li> </ul>
3	Deloitte	Presentasjon av revisjonsplan for rekneskapsrevisjon 2011 <ul style="list-style-type: none"> <li>Else Holst-Larsen frå Deloitte presenterte revisjonsplan for rekneskapsrevisjon 2011 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.</li> </ul>
4	Sekretariatet	Avtale om revisjon av kyrkjeleg fellelsråd <ul style="list-style-type: none"> <li>Sekretariatet orienterte om at kyrkjeleg fellelsråd i Bømlo kommune har inngått avtale om revisjon av rekneskapen sin med eit av dei store revisjonsfirmaa. Dette vart gjort samstundes med at det, etter ein gjennomført open anbodskonkurranse, vart gjort avtale om opsjon på slik revisjon med Deloitte</li> <li>Kontrollutvalet gjev kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å sende brev til kyrkjeleg fellelsråd i Bømlo kommune for å få klarlagt kva som har skjedd i høve avtale om revisjon av fellelsrådet sin rekneskap</li> </ul>
5	Sekretariatet	Finansreglement for Bømlo kommune - Rapportering <ul style="list-style-type: none"> <li>Deloitte vil følgje dette opp med administrasjonen</li> </ul>

#### VEDTAK

##### [Orienteringssak nr. 4](#)

[Kontrollutvalet gjev kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å sende brev til kyrkjeleg fellelsråd i Bømlo kommune for å få klarlagt kva som har skjedd i høve avtale om revisjon av fellelsrådet sin rekneskap](#)

[Informasjonen vart elles teke til orientering.](#)

## 29/11 MELDINGAR

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
13	Kommunestyret	Vedtak i sak 42/11 i KST 20.06.11 - Årsmelding og årsrekneskap Bømlo kulturhus KF
14	Kommunestyret	Vedtak i sak 44/11 i KST 20.06.11 – Årsmelding 2010 for kontrollutvalet
15	Kommunestyret	Vedtak i sak 45/11 i KST 20.06.11 – Årsrekneskap 2010
16	Kommunestyret	Vedtak i sak 46/11 i KST 20.06.11 – Årsmelding 2010
17	Kommunestyret	Vedtak i sak 47/11 i KST 20.06.11 – 1. tertialrapport 2011
18	Kommunestyret	Vedtak i sak 48/11 i KST 20.06.11 – Skatterekneskapen 2010
19	Kommunestyret	Vedtak i sak 52/11 i KST 20.06.11 - Endring av kommunal lånegaranti
20	Kommunestyret	Vedtak i sak 58/11 i KST 20.06.11 – Forvaltningsrevisjon – Psykisk helsearbeid i Bømlo kommune – Handlingsplan som eige vedlegg
21	Kommunestyret	Vedtak i sak 60/11 i KST 20.06.11 – Val av medlemmer mv. til styret i Bømlo Kulturhus KF
22	SIB	Årsmelding 2010 - Sunnhordland Interkommunale Barnevernsteneste
23	Fylkesmannen i Hordaland	Budsjettbrev 2011
24	FKT	Medlemsbrev nr. 3 / 2011 frå Forum for Kontroll og Tilsyn
25	KRD	Høyring om endringar i kommunelova – Eigenkontroll i kommunane m.m. <a href="http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/hoeringer/hoeringsdok/2011/hoering---endring-i-kommunelova-og-enkel/hoeringsnotat.html?id=644547">http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/hoeringer/hoeringsdok/2011/hoering---endring-i-kommunelova-og-enkel/hoeringsnotat.html?id=644547</a>
26	Formannskapet	Sak 75/11 i FSK 30.08.11 – Papirlause møter i Bømlo kommune
27	Formannskapet	Sak 78/11 i FSK 30.08.11 – Politisk organisering valperioden 2011 – 2015
28	FKT	Medlemsbrev nr. 4 / 2011 frå Forum for Kontroll og Tilsyn

### FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

### HANDSAMING I MØTET

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

## 30/11 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR.

### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

### HANDSAMING I MØTET

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

## VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

## YMSE

Det er ønskjeleg at møte 6.10.11, som er siste møte i kontrollutvalet i denne valperioden, vert lagt til Bømlo hotell, inkludert ein betre lunsj.

Det kom elles ikkje fram noko under dette punktet.

Georg Lønning  
Leiar

Roald Breistein  
Sekretær